



## Nynorsk kultursentrum

Offentleg lovutval for grunnopplæringa  
[olovutvalget@kd.dep.no](mailto:olovutvalget@kd.dep.no)

Hovdebygda, 12. juni 2019

### Innspel til arbeidet med ny opplæringslov

Styret i stiftinga Nynorsk kultursentrum behandla i møte 12. juni 2019 innspel til ny opplæringslov. Innspelet er konsentrert om dei språkpolitiske sidene ved lova, og særleg tiltak som gjer det enklare å vere nynorskbrukar i grunnopplæringa.

#### Språkpolitisk formålsparagraf

I *Lov om universiteter og høyskoler* er det i § 1-7 slått fast at desse institusjonane har særleg ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk. Nynorsk kultursentrum meiner at også *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* treng ein generell språkpolitisk formålsparagraf:

«Opplæringa skal vere med på å sikre norsk, med skriftspråka bokmål og nynorsk, som samfunnsberande språk, gjere elevane trygge i eige skriftspråk og gi dei kunnskap om, kjennskap til og innsikt i det språklege mangfaldet i Noreg.»

I tråd med minoritetsspråkakta, som Noreg slutta seg til i 1998, har Noreg eit særleg ansvar for dei samiske språka, kvensk, finsk, romanes og romani. Dette bør også vere synleg i opplæringslova. Nynorsk kultursentrum er opptatt av at opplæringspolitikken for norsk teiknspråk ikkje berre er eit spesialpedagogisk ansvar, men først og fremst eit språkpolitisk ansvar.

Utvalet bør

- leggje fram ein språkpolitisk formålsparagraf
- leggje fram eit lovverk som sikrar dei språklege rettane til elevar med bokmål, nynorsk, dei samiske språka, kvensk, finsk, romanes, romani og norsk teiknspråk som førstespråk

#### Nynorskbrukarane

Med jamstillingsvedtaket i 1885 blei det som no er nynorsk og bokmål formelt jamstilt i skulen. I praksis er ikkje dei to skriftspråka jamstilte. Nynorskbrukarane er ofte i mindretal og får sjå språket sitt i bruk på færre område enn bokmålsbrukarane. Utfordringa er særleg stor der nynorskbrukarane også er i mindretal på barneskulen, ungdomsskulen eller i den vidaregåande opplæringa.

Opplæringslova tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til dei offisielle språkpolitiske måla i Noreg. Dei språkpolitiske rettane til elevane blir svakare di eldre dei blir og di meir tekst dei skal lese og skrive i opplæringa. Det er ikkje særleg krav om nynorskkompetanse til lærarar som underviser nynorskelevane. Digitale læremiddel og hjelpemiddel er i mindre grad tilgjengelege på nynorsk enn på bokmål.



Indrehovdevegen 176  
6160 Hovdebygda  
Org.nr. 976 013 263  
Bank 3991 40 21530

Tlf. 70 04 75 70  
post@nynorsk.no  
nynorsk.no

aasentunet.no  
haugesenteret.no  
vinjesenteret.no  
allkunne.no



Dei generelle reglane for fritak for sidemål gjer at det har blitt færre vaksne med kompetanse i både bokmål og nynorsk. Det er etter vårt syn ikkje pedagogisk eller språkpolitisk grunnlag for at fritaket er så generelt og omfattande som det er i dag.

For å stø opp om nynorsk som eit riksdekkjande språk bør utvalet greie ut om det skal vere enklare å opprette nynorskklassar i store kommunar (over 70 000 innbyggjarar) og kommunar der det har vore nynorskklassar, men nett no ikkje er det, enn i resten av landet. Eit slikt krav kan vere fem elevar.

Utvalet bør særleg greie ut

- rett til opplæring på eige skriftspråk i ungdomsskulen og vidaregåande opplæring
- om dei generelle grunnane til fritak for vurdering med karakter i sidemål bør bli erstatta med individuelle utgreiingar
- rett til at elevane har lærarar som meistrar skriftspråket til elevane
- definisjonen av læremiddel tilpassa den digitale røynda og med same utgangspunkt som tidlegare: på begge skriftspråk til same tid og til same pris
- om det skal vere enklare å etablere nynorskklassar i store kommunar og i kommunar der det historisk har vore nynorskklassar

### Lovspråket

Nynorsk kultursentrum er kjend med at utvalet i notatet *Utfordringer med regelstyring av grunnopplæringen* vurderte å leggje fram ny opplæringslov på bokmål. Dette er i strid med det språkpolitiske målet i *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening* om å auke tekstmengda i lovverket til minst 25 prosent nynorsk. Eit godt og klart språk er like mogleg på nynorsk som på bokmål. Vi vil åtvare mot argumentasjonen om å bruke eit så bokmålsnært nynorsk som mogleg. Dei to norske skriftspråka er normerte på kvar sin grunn, og det bør også vere spegla i opplæringslova.

Fritaket frå vurdering med karakter i sidemål kan ikkje bli brukt som årsak til å leggje fram lova på bokmål. Alle elevar i Noreg skal ha opplæring i både bokmål og nynorsk. Det er berre vurderinga elevane får fritak frå.

Med venleg helsing  
Nynorsk kultursentrum

Lodve Solholm  
styreleiar

Per Magnus F. Sandsmark  
direktør